



Det er mange vaksne granar i Uskedalen og dei som Hans Reidar Kjærland no har var av dei største. Legg merke til rotstokken til høgre!
(Foto: Ola Matti Mathisen)

**Grana veks godt på Vestlandet – nokon vil hevda altfor godt.
No har Hans Reidar Kjærland felt tre tre som i høgste grad bekreftar dette. Dei var av dei største i bygda.**

Dei stod nede ved elva og hadde svært gode veksttilhøve, men var truga av undergraving. Difor fann eigaren det mest fornuftig å fella dei. Alle var over 20 meter høge og nokre av toppstokkane er levert til AFA for opphogging til ned.

Verre er det med spesielt dei største stökkane – eigaren har problem med å finna noko sagbruk med utstyr som kan dela opp dei..

Korleis er det så med alderen? Ei rask teljing av årringar tyder på at granane er vel 100 år gamle. Den største er truleg bortimot 120 år og slo difor rot rundt 1890. Men var det verkeleg planting av gran i Uskedalen den gongen?

Av Ola Matti Mathisen